



NNP Parsell 10 AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2512 - 18/28077

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
18.09.2018


Løyve til arealoverføring - gbnr 212/132 og gbnr 212/141 Eikanger øvre

Administrativt vedtak: Saknr: 488/18

Heimelshavar: NNP Parsell 10 AS
Søkjjar: Tippetue Arkitekter AS
Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

SAKSUTGREIING

Saka gjeld søknad om arealoverføring av eit areal på 999,3 m² frå gbnr 212/132 som skal leggest til gbnr 212/141 (parsell 10). Gbnr 212/141 vil etter arealoverføringa få eit nytt areal på 3 199,6 m².



Det vert elles vist til søknad mottatt 20.08.2018 med supplerande dokumentasjon seinast mottatt 14.09.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 14.09.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7, jf. forskrift om byggesak § 7-2, er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Eikanger Næringsområde, planID 1263-201114, er definert som kombinert bygge- og anleggsføremaal.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med plan og krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan datert 17.08.2018.

Vatn og avløp (VA)

Ikkje relevant for tiltaket. Det vert lagt til grunn for vedtaket at forholdet knytt til vatn og avløp vil vera uendra for eigedomen gbnr 212/141 som følgje av tiltaket.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Ikkje relevant for tiltaket. Det vert lagt til grunn for vedtaket at forholdet knytt til tilkomst og avkjørsle vil vera uendra for eigedomen gbnr 212/141 som følgje av tiltaket.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det føl vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomstar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Reguleringsplanen set ingen krav til tomtedeling eller –storleik. Omsøkt deling er vurdert å vera i samsvar med gjeldande plan og til å stetta krava som er sett i plan- og bygningslova § 26-1.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er synt i situasjonsplan datert 17.08.2018.

Konklusjon

Kommunen gjev løyve til arealoverføring av eit areal på 999,3 m² som tilleggsareal til gbnr 212/141, frå gbnr 212/132.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring av eit areal på 999,3 m² frå gbnr. 212/132 til gbnr 212/141.

Grensene for arealet som skal arealoverførast går fram av situasjonsplan datert 17.08.2018, jf. pbl. § 29-4.

Nøyaktig storleik på arealet vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Oppmåling

Saka vert oversend Geodata avdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

NNP Parsell 10 AS	Sandviksbodene 5	5035	BERGEN
Nordhordland Næringspark AS	Sandviksbodene 5	5035	BERGEN
Tippetue Arkitekter AS	Sandviksbodene 5	5035	BERGEN